

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 13.09.2011
Sakhandsamar: **Terje Arne Krokvik**
Saka gjeld: **Tildeling av internt lån til Helse Stavanger HF**

Arkivsak

2011/163/

Styresak 103/11 B

Styremøte 05.10. 2011

Forslag til vedtak

1. Helse Stavanger HF får tildelt eit ekstra internt lån på kr 17 mill til anskaffing av nødvendig medisinsk teknisk utstyr.
2. Det skal etablerast låneavtale der det gis ein tilbakebetalingstid som samsvarar med attverande levetid på utstyret. Renta blir fastsett med basis i gjennomsnittleg rentenivå på konsernkonto tillagt 0,4% margin.

Kommentar

Helse Stavanger har fått tilbod frå Sandnes Radiologiske Senter (SRS) om overtaking av ein MR, CT og skjelettlab. Styret i Helse Stavanger har gitt administrerande direktør fullmakt til å gjennomføre kjøpet og søke Helse Vest om internt lån på kr 17 mill. Det er en føresetnad at det ikkje finn stad nokon verksemどoverføring og at Helse Stavanger får etablert leigeavtale for de aktuelle lokala. Helse Stavanger må drive den aktuelle aktiviteten innafor dagens driftsramme.

Utfordringa til Helse Stavanger er at dei ikkje har muligkeit til å frigjere tilstrekkeleg likviditet til kjøp av utstyret utan at det går ut over andre høgt prioriterte investeringsprosjekt.

Helse Vest har med basis i oppnådd resultat for 2010 vurdert det slik at det er likviditetsmessig rom for å kunne tildele Helse Stavanger eit internt lån på kr 17 mill.

Administrerande direktør vil etter ein samla vurdering tilrå at det gis eit lån til Helse Stavanger på kr 17 mill til kjøp av ein MR, CT og skjelettlab frå Sandnes Radiologiske Senter.

Lånet må ha ein tilbakebetalingstid som samsvarer med attverande levetid for det aktuelle utstyret. Renta fastsettes med basis i gjennomsnittleg rentenivå på konsernkonto tillagt 0,4% margin.